

Oddingar får målpris

Odda Mållag vedtok på årsmøtet den 24.1. at fylgjande personar får tildelt «Målprisen 1979».:1.**Margreta Såkvitne** for den innsatsen ho har gjort ved å

spreia opplysning om nynorske barnebøker. Ho har vore med på tre bokkvel-
dar (i Skare, Røldal og i Odda), og har delteke i «Gågateaksjonen for nynorske barnebøker». Utanom dette har ho laga til utstillingar av nynorske barnebøker i Odda Bibliotek. Ho har hatt omsut for nynorsk barne- og ungdomslesnad langt utover det som normalinstruksen for ein barnebibliotekar tilseier.

2.**Anders Folkestad** - for gode sportsreportasjar i Bergens Tidende - på nynorsk. Han har vist at det går an å skriva fotballreferat frå kampar i Odda på nynorsk. Greie referat, utan bruk av for mykje klisjear. Det er svært viktig for nynorsk mål at det og blir brukt i sport-sjournalistikk. Folkestad har vist at målet også duger på dette området.